

Der alle i klassen skal bli hjartevenner

30.01.2012



Tente på Hjartevenn: Hilde, Sander, Celine, Åshild Johanne og Helena

**Hilde Bringedal, lærar i den største klassa ved skulen vår.
har hatt ideen til eit pionerprosjekt som heiter Hjartevenn.
Det går ut på at to av dei 24 elevane i andreklassa
er hjartevenner kvar vike.
Som hjartevenn skal ein hjelpe
nokon andre i klassa som treng det, vera i lag med den
andre hjartevennen og finna på noko kjekt til heile klassen**

- Vi har eit fint miljø i klassen, men det kan bli enda betre.
Det er mange elevar og dei kan og bør vera enda meir
i lag, også utanfor skulen.
La oss kalla dette prosjektet førebyggjande, seier iderike Hilde
som har god hjelp av kollega Brit Hjetland med gjennomføringa av
Hjartevenn. Prosjektet er no inne i vike nummer 4.

- Og kva kan elevane gjera i praksis?
- Dei kan vera ekstra observante og bistå andre elevar både
inne og ute - til dømes med å bera ting og hjelpa når nokon slår seg.
Og så kan dei altså finna på noko kjekt saman og også for
heile klassen, seier Hilde.

Eit par som har vore hjartevenner i ei tidlegare vike er med oss
- det er Sander Andreas Øye Eikenes (7) og Helena Kjerpeseth (7)
Sander fortel at han og hjartevennen også var saman heime hos han og mellom
anna baka kake, leikte og såg på TV.

Denne veka er det Celine Musland (7) og Åshild Johanne Vivelid (7) som
er hjartevenner og også dei har mellom anna planar om eit bakeprosjekt, som
tydelegvis er noko av det mest populære.

Elevane er tydeleg tente på opplegget og gler seg til å gå inn i det.
Det skortar ikkje på planar: Leik i hallen, taco, grilling, film og meir
kakebaking (gjerne i hjarteform) blir ramsa opp i idedugnaden
Turer i naturen høyrer vi ikkje noko om men det kjem nok etter kvart.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Dei er hekta på Hjartevenn!